

## **Innspel til «Offentleg høyring og ettersyn planendring for områdeplan Knarvik**

Når eg går gjennom dei foreslåtte endringane i områdeplan for Knarvik, ser eg ikkje så mykje ein treng å ropa varsko i forhold til. Det er naturleg at det kjem nokre mindre endringar, sjølv om eg skulle ønskja at så lite som mogeleg av parkeringa kjem som overflateparkering. Eg var med i PMU då planen vart utarbeidd, så difor kjenner eg han ganske godt. Som privatperson synest eg likevel at det er vanskeleg å få med seg kva endringar som er foreslått i materialet som er lagt ut på høyring. Det som er foreslått endra, kunne til dømes vore markert ved hjelp av skriftfarge. Eg ser i alle fall at det er kome inn i føresegnene at 50 % av sykkelparkeringa skal vera under tak, og det er veldig bra!

Det viktigaste i innspelet mitt gjeld o\_BIN 5 som kom inn i planen fordi ein ønskte å setja av plass til Lyngtunet eller omsorgsbustader. Det er eit flott område for den typen bustader, men sidan Lyngtunet ikkje vart noko av, har eg lenge meint og sagt at det vil vera lurt å vurdere området også som barnehagetomt. Viss den kommunale Haugen barnehage ikkje kan vera der han er lenger, sidan barnehageformål ikkje er eitt av formåla på BKB 4 og BKB 5 som er sett av til bustad og kontor, trengst det ei ny tomt til ein barnehage sør for E 39, slik at folk som bur i området, kan gå til barnehagen på veg til buss og båt. Dette er i samsvar med offentlege føringar som vektlegg folkehelse og bruk av offentleg transport. Faktisk er o\_BIN 5 den einaste offentlege tomte i området som kan vera stor nok til ein barnehage.

Eg vil derfor på det sterkaste tilrå at ein tar inn i føresegnene at o\_BIN 5 også kan vurderast brukt til barnehage. Det er innanfor same formål – altså rosa og tiltenkt offentleg og privat tenesteyting – så det trengst ikkje store endringa i plankartet. Ein kan eventuelt bytta namn på området. Uansett korleis ein gjer det, må ein også gjera nokre små endringar i tabell 5, 6 og 7 (føresegne 3.2.9, 3.2.16 og 3.2. 17), slik at det til dømes vert plass til parkering og hentesone knytt til barnehagen.

Dessutan ser eg at Skysstasjonen ikkje er teikna inn i plankartet, og eg veit at det skuldast at han er teikna inn i ein tilgrensande plan. Er det likevel mogeleg å seia noko om han i gjeldande plan, til dømes i føresegnene? Erfaringane med dagens plassering er i alle fall gode, så vidt eg har forstått. Innspelet er derfor at ein tar inn i føresegnene at det kan vurderast vidareføring og/eller utviding av skysstasjonsløyisinga dersom det er teknisk gjennomførbart og undersøkingar viser at dette er ei løyising som brukarane er nøgde med. Eg reknar med at Statens Vegvesen og Fylkeskommunen har sitt dei vil ha sagt, men sidan slike midlertidige løyisingar ofte blir verande nokre år, kan det jo vera lurt å ha det skriftleg.

Knarvik, 09.09.20

Sæbjørg Hageberg Kjeka